



Stad kommune  
Rådhusvegen 11  
6770 NORDFJORDEID

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Stad kommune - budsjett og økonomiplan

### Innleiing

Stad kommunestyre har i møte 13.12.2019, sak 19/067, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering. I tillegg har vi motteke budsjett for dei to kommunale føretaka Eid Industrihus KF og Stad Fjordvarme KF.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.*

### Oppsummering

Ved inngangen til sitt første budsjettår har Stad kommune ein stram økonomi. Sjølv om det alt er lagt til ein realvekst i frie inntekter kvart år, blir det budsjettert med negative netto driftsresultat i heile planperioden, som blir dekkja inn ved bruk av fond. Sjølv om gjelda allereie er høg, budsjetterer kommunen med ein ytterlegare auke av gjelda i perioden. Kommunen er og avhengig av positiv avkastning på fondsmidlane, sidan dette blir brukt til drift.

Fylkesmannen meiner at hovudutfordringa til Stad kommune er å skaffe balanse i drifta, og prioritere og vedta tiltak som fører til dette. Moderate låneopptak og arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar, blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Stad kommune framover.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Budsjett 2020

Inntektsprognosen for 2020 er oppdatert med førebelse innbyggjartal per 01.01.2020 og innkomen skatt i 2019. Ut frå dette er rammetilskotet budsjettert høgt i dei tre siste åra i økonomiplanperioden samanlikna med prognosemodellen frå KS, ved at det er lagt inn ein realvekst på 2,4 mill. kroner for kvart av åra. Av andre inntekter er det budsjettert med mellom anna 6,6 mill. kroner som avkastning frå



investeringsfondet + anna overskotslikviditet. For å balansere budsjettet i 2020 blir meirforbruket på 11,3 mill. kroner dekt inn ved bruk av bundne fond og disposisjonsfond.

Kommunen har som mål at lån som ikkje er sjølvfinansierande, i snitt ikkje skal overstige betalte avdrag. I det samla låneopptaket for Stad 2020 på 57,9 mill. kroner, er største investeringa symjebasseng og garderobe Selje skule, og bustadfelt på Hjelle. Låneopptak på til saman 122 mill. kroner som høyrer til budsjettåret 2019 er investeringar som vart vedteke i 2019 i Eid og Selje, men der låneopptak ikkje vart gjort. Dette er no med i budsjettet for 2020.

I budsjettdokumentet er det gjort endringar og tiltak for å redusere ubalansen i budsjettet. I tillegg er det fordelt ytterlegare innsparingar på kvart rammeområde utan konkrete tiltak, som skal jobbast vidare med i 2020.

Både Eid og Selje har tidlegare innført eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader. Eigedomsskattesats for områda Eid og Selje vert vidareført med 3,5 promille i budsjettåret, medan området for grensejusteringa, Bryggja, vert harmonisert med resten av Stad kommune frå 01.01.2021.

### **Fylkesmannens vurdering**

*Kommunen forskotterer inn ein realvekst i rammetilskotet i kvart av åra 2021 – 2023 som blir oppgjeven til å utgjere om lag 0,75 prosent. Den gjennomsnittlege veksten i dei frie inntektene frå staten har dei siste åra vore på om lag 1,8 prosent. Vi veit ikkje om det blir slik for 2020. Netto driftsresultat utgjer minus 1,32 prosent av brutto driftsinntekter, og utgjer 11,2 mill. kroner. Disposisjonsfondet blir redusert med om lag 1,9 mill. kroner av underskotet, og vil ha ein utgåande saldo på ca. 55 mill. kroner ved utgangen av 2020, om det ikkje blir belasta andre postar. TBU (Teknisk Berekningsutval) sitt måltal om disposisjonsfond på minimum 5 prosent av brutto driftsinntekter er dermed oppfylt, sidan disposisjonsfondet til Stad i 2020 utgjer om lag 6,45 prosent av driftsinntektene.*

*Samla fekk Eid og Selje utbetalt til saman 5,9 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2019. For 2020 er det lagt inn 2 mill. kroner slik vi tolkar dokumentet.*

*Netto renteeksponering er høg, noko som betyr at kommunen er utsett for rentesvingingar. For Eid utgjorde netto renteeksponering 91,7 prosent i 2019, medan Selje hadde 57,5 prosent. Stad kommune har ei høg lånegjeld som vil utgjere 134 prosent av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2020, og ligg over snittet for landet som utgjorde 110 prosent ved utgangen av 2019. Den høge gjelda gjer at ein større del av kommunen sine frie inntekter går til å dekke renter og avdrag, og det blir ei større utfordring å balansere kommunen sitt budsjett.*

### **Økonomiplan 2020 – 2023**

Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettert med negative netto driftsresultat, som skal dekkast inn ved bruk av fond. Dette er etter at det er lagt inn betydelege innsparingar på tenestemråda. Skatt og rammetilskot er budsjettert om lag på same nivå som for 2020. Inntekter frå Havbruksfondet er i sum budsjettert med 12 mill. kroner i perioden 2021 – 2023. Avkastning frå plasserte midlar er lagt inn med 5 mill. kroner kvart år.

Kommunen planlegg investeringar i anleggsmidlar på 184 mill. kroner, som skal finansierast med 147 mill. kroner i nye låneopptak. Ved utgangen av 2023 er det budsjettert med ei lånegjeld på 1,2 mrd. kroner, som betyr at brutto lånegjeld vil auke til 138 prosent av budsjetterte driftsinntekter.

### **Fylkesmannens vurdering**



*Økonomiplanen skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal og syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp, og at det er først og fremst kommunestyret som gjennom sine vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme. I dette ligg det òg at kommunane følgjer eit forsiktighetsprinsipp i budsjettering av inntekter, særleg gjeld dette der inntekter må vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon. For Stad gjeld dette først og fremst frie inntekter og avkastning på plasserte midlar.*

*I tillegg er det budsjettert med innsparingar på tenesteområda på om lag 65 mill. kroner i dei tre siste åra i perioden. Dei budsjetterte negative netto driftsresultata i økonomiplanperioden betyr at den frie eigenkapitalen blir svekka.*

*Frå ei alt høg lånegjeld er Fylkesmannen uroa for at det er planlagt ein vidare auke i langsiktig gjeld. Dette får konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet, særleg om det skulle skje ei større renteauke. Om renta går ned eller aksjemarkedet blir svekt vil nødvendig avkastning på plasserte midlar bli redusert eller gå med tap. Dette, i tillegg til at det ikkje føreligg tiltak for dei nødvendige budsjetterte innsparingane på rammeområda, gjer til at samla sett blir realismen i kommunens budsjett og økonomiplan svekt.*

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*